


# Barneombodets årsrapport og årsrekneskap 2025



# Innhald

1.	Melding frå barneombodet.....	3
2.	Introduksjon til verksemda og hovudtal .....	4
2.1	Rolla til Barneombodet.....	4
2.2	Nøkkeltal for 2025.....	4
3.	Aktivitetar og resultat i 2025.....	6
3.1	Resultatmål 2025 .....	6
3.1.1	Jobbe for at alle barn får ein god start på livet .....	6
3.1.2	Bygge våre innspel og kunnskap på kva barn og unge fortel oss.....	6
3.1.3	Bidra til at offentleg sektor varetar omsynet til kva som er best for barnet .....	7
3.2	Kommunikasjonsarbeid.....	7
3.2.1	Medieomtale .....	7
3.2.2	Nyheitsbrev .....	7
3.2.3	Sosiale medium.....	8
3.2.4	Nettsider .....	8
3.3	Arrangement.....	9
4.	Styring og kontroll i verksemda.....	10
4.1	Fellesføringar frå regjeringa .....	10
4.1.1	Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.....	10
4.1.2	Utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing .....	10
4.1.3	Redusere konsulentbruken.....	10
4.2	Tillitsreforma til regjeringa.....	11
4.3.	Digitalisering, digital sikkerheit, samfunnssikkerheit og beredskap .....	11
4.3.1	Digitalisering .....	11
4.3.3	Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap .....	11
4.4	Effektiviseringsfremjande tiltak .....	11
4.5	Registrering av statstilsette sine verv og økonomiske interesser.....	11
4.6	Oppfyljing av språklova § 13 og § 14.....	12
4.7	Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen .....	12
5.	Vurdering av framtidsutsikter .....	12
6.	Årsrekneskap .....	13
6.1	Stadfesting.....	13
6.2	Kommentarar til årsrekneskapen .....	13
6.3	Prinsippnote til årsrekneskapen 2025 .....	15
	Løyvingsrapporteringa.....	15

Artskontorapporteringa.....	15
6.4 Rekneskapsprinsipp for bruttobudsjetterte verksemder – .....	18
Opningsbalanse.....	18
Inntekter frå løyvingar .....	18
Kostnader.....	18
Pensjonar.....	19
Leigeavtalar .....	19
Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel .....	19
Eigenutvikling av programvare .....	19
Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld .....	19
Kapitalen til staten .....	19
Statlege rammevilkår .....	20
Sjølvassurandørprinsippet .....	20
Konsernkontoordninga i staten.....	20



# 1. Melding frå barneombodet

Kva er viktig for at barn i Noreg skal ha det bra? I 2025 gjennomførte vi den første store Barnebarometer-undersøkinga. 1400 barn i alderen 9 og 12 år delte sine erfaringar og råd om familie, fritid og skule. Svara gav vi til statsministeren og barne- og familieministeren, med oppmoding om å lytte til barn sine meiningar i arbeidet til regjeringa.

Barnebarometeret har òg gitt eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet hos Barneombodet. Undersøkinga gav mellom anna svært tydelege råd om betydninga av å stoppe mobbing, avgrensing av foreldre sin skjermbruk og ein meir aktiv og praktisk skuledag med leik og rørsle. Desse råda har vi tatt med inn i aktuelle, politiske prosessar. Barnebarometeret er tenkt som ei gjentakande undersøking for å få fram barn sine meiningar og syn i ulike spørsmål som gjeld barn.

I 2025 har Barneombodet arbeidd målretta med den nye strategien som vektlegg førebygging og tidleg innsats. Å leggje til rette for å gi barn ein god start i livet – gjennom gode universelle tenester og eit trygt sikringsnett for barn som treng meir støtte – har vore ein av våre viktigaste prioriteringar. Arbeidet har òg tydelegare inkludert barn sin rett til å bli høyrte og kor viktig det er at offentleg sektor vurderer kva som er det beste for barnet i all politikk og tiltak som angår born.

Førebygging har stått sentralt i dei offentlege debattane vi har deltatt i, særleg om ungdomskriminalitet og skjermbruk. I kriminalitetsdebatten har vi løfta betydninga av langsiktige førebyggjande tiltak, i kontrast til kortsiktige forslag om meir straff og lågare kriminell lågaldar. Rolla vår har vore å bidra med kunnskap om risikofaktorar i barn


sine liv, og vise korleis tidleg innsats kan hindre at barn fell utanfor. Gjennom kronikkar, debattar og foredrag har vi jobba aktivt for ein meir kunnskapsbasert og opplyst samfunnsdebatt.

Barneombodet har òg engasjert seg i debatten om skjermbruk, gjennom media, foredrag, høyringa, og ved å delta i ei arbeidsgruppe for nye skjermråd. Perspektivet vårt byggjer på kunnskap om barn sine behov, og vi har støtta forslag om styresmaktstyrte aldersgrenser og tydelegare ansvar for plattformleverandørane, for å verne barn mot skadeleg innhald og avhengnadsskapande teknologi.

Våren 2025 deltok vi i høyringa hos FNs barnekomité i Genève. Vi bidrog både i dei førebuaende møta og i sjølve høyringa, der norske styresmakter svarte på spørsmål frå komiteen. Også saker som er fremja frå regjeringa har prega året, mellom anna arbeidet med den nye barnelova og reforma i barnevernet. Her har vi spelt inn kunnskap, erfaringar og perspektiv frå barns ståstad, og mint om forpliktingane til styresmaktene etter barnekonvensjonen.

Strategiarbeidet frå 2025 tar vi med vidare inn i 2026. Vi vil halde fram med å løfte fram kunnskap og barn sine eigne erfaringar, utfordre avgjerdestakarar der det trengst og samarbeide tett med fagmiljø og styresmakter for å sikre at tiltak blir sette inn før problema veks seg store. Saman skal vi arbeide for eit samfunn som gir alle barn ein trygg start, gode moglegheiter og den hjelpa dei treng.

Oslo, 15. mars 2026

  
Mina Gerhardsen  
barneombod

## 2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

### 2.1 Rolla til Barneombodet

Barneombodet er det nasjonale overvakingsorganet for FN's barnerettar. Vi har som oppgåve å fremje interessene til barn overfor det offentlege og det private, og skal følgje med på utviklinga av barn sine oppvekstvilkår.

Barneombodet skal særleg følgje med på at lovgivinga som skal verne om barn sine interesser blir følgde, og at norsk rett samsvarer med forplikningane Noreg har etter FN's konvensjon om barnerettane. Vi skal, på eige initiativ eller som høyringsinstans, sikre interessene til barn i samband med planlegging og utgreiing på alle område. Vi skal føreslå tiltak som kan styrkje rettstryggleiken til barn, og følgje med på om endringane er gode for dei.

Barneombodet skal også fremje forslag til tiltak som kan løyse eller førebygge konfliktar mellom barn og samfunn. Vi skal vidare følgje med på at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og det private om barnerettane og tiltaka det er behov for.

Barneombodslova og forskrifta om instruks for Barneombodet ligg til grunn for arbeidet vårt. Vi er administrativt underlagt Barne- og familiedepartementet, og er fagleg uavhengige.

Barneombodet er leidd av barneombod Mina Gerhardsen, som har ansvaret for den faglege og administrative leiinga av verksemda.

Ved inngangen til 2025 var det 18 tilsette i Barneombodet – 17 i faste stillingar og ein student i 20 prosent stilling i fagavdelinga. Stillingane fordeler seg på to einingar: fag og administrasjon.

Kommunikasjonseininga vart innlemma i fageininga hausten 2025.

Barneombodet har tre satsingsområde som vi skal jobbe med i perioden 2025-2027, og kvart område har fleire hovudmål. Dette er dei tre satsingsområda:

1. Vi skal jobbe for at alle barn får ein god start på livet.
2. Vi skal bygge våre innspel og kunnskap på kva barn og unge fortel oss.
3. Vi skal bidra til at offentleg sektor varetar omsynet til kva som er best for barnet.

### 2.2 Nøkkeltal for 2025

I 2025 registrerte Barneombodet 1817 inngåande og 1252 utgåande dokument. Av dei var det 731 spørsmål og innspel om barnerettar frå privatpersonar som vi gav 536 svar på. Berre 23 av desse er frå barn sjølve.

Talet på inngåande og utgåande dokument totalt				
2021	2022	2023	2024	2025
2 691	2 764	3019	2 866	3069

Barneombodet leverte 44 svar på offentlege høyringar i 2025. Vi sende også ei mengde brev til offentlege myndigheiter der vi adresserte barns rettstryggleik på ulike område. I tillegg gav vi fleire innspel til offentlege utval og ulike komitéar på Stortinget. Alle høyringssvara, breva og innspela til myndigheitene er tilgjengelege på nettsidene våre.

Barneombodet heldt 114 føredrag i 2025.

Vi brukte innsynstilgangen vår ved to høve i 2025, då vi bad om innsyn i bakgrunnsberekningar for statsbudsjettet og i eit varsel frå eit statsadvokatembete til eit politidistrikt.

Barneombodet fekk ei samla løyving på kap. 848, post 01 Driftsutgifter, på 27 066 000 kroner i 2025, sjå note A.

Av årets tildeling brukte vi 91,8 prosent i budsjettåret. Vi har søkt om å få overføre 1 281 300 kroner av samla tildeling til 2026.

Barneombodet har brukt 463 451 kroner til investeringar i 2025. Lønnsutgiftene var på 18 234 913 kroner i 2025, og utgjorde 74,8 prosent av driftsutgiftene.



### 3. Aktivitetar og resultat i 2025

Resultatmåla for 2025 følgjer den treårige strategien for Barneombodet for 2025–2027.

Arbeidsmetodane til Barneombodet er delt i fire: overvaking, påverknad, opplæring og rettleiing. I arbeidet med overvaking hentar vi inn informasjon frå ulike område om tilstanden for barnerettane. I slike prosessar bruker vi mellom anna innsynsretten og medverknad frå barn.

Dette dannar grunnlaget for fagrapportane våre, der vi kjem med anbefalingar til offentlege myndigheiter. Vi arbeider aktivt for å få gjennomslag for anbefalingane gjennom ulike politiske prosessar. Samtidig driv vi opplæring i barnekonvensjonen for ulike offentlege instansar for å spreie kunnskap om aktiv bruk av konvensjonen. Rettleiingsarbeidet vårt er i hovudsak retta mot enkeltpersonar som tek kontakt, både vaksne og barn.



#### 3.1 Resultatmål 2025

Barneombodet har tre satsingsområde i strategien for 2025–2027. Her omtaler vi

kort resultatata for 2025 innanfor dei tre områda:

##### 3.1.1 Jobbe for at alle barn får ein god start på livet

Tidleg innsats og førebygging er hovudområda i strategien for Barneombodet i perioden. Fokuset vårt har vore på ein solid grunnmur i form av gode universelle tenester og eit trygt sikkerhetsnett for barn som treng noko meir. Dette har vi løfta på ulike arena, frå foredrag til møter til arbeidet vårt med å hente inn kunnskap.

Helsestasjonen er ein av dei viktigaste universelle tenestene for dei yngste, ved at dei er den første offentlege tenesta som møter barnet og familien etter fødsel og heimkomst. Denne tenesta betyr mykje for moglegheita til å avdekke risiko og sårbarheit rundt og hos barn. For å få auka innsikt i tenesta har vi gjennomført ei eiga undersøking blant 600 sjukepleiarar, i samarbeid med Verian Norge og NSF Helsepsykeleierne. Resultata vil bli følgde opp i det politiske arbeidet.

Den forebyggjande innsatsen til kommunane har også vore eit viktig arbeidsområde. Som ein del av dette har vi i samarbeid med Menon Economics fått laga ein rapport som viser ulike kostnadsnivå på tiltak som er på ulike nivå i forebyggingspyramiden.

##### 3.1.2 Bygge våre innspel og kunnskap på kva barn og unge fortel oss

Vårt aller viktigaste tiltak for å løfte barn og unge sine stemmer, er etableringa av spørjeundersøkinga Barnebarometeret.

Dette er meint å vere ei undersøking som vi skal gjere med jamne mellomrom, der tema og aldersgruppe kan tilpassast aktuelle saker. I det første Barnebarometeret i 2025 spurte vi 1 400 barn på 9 og 12 år om kva som er viktig for at barn skal ha det bra heime, på skulen og i fritida. I forkant av at vi utarbeidde spørjeskjemaet, besøkte vi skular i Oslo, Tønsberg, Kautokeino og Trondheim, for å få innspel frå barn om kva vi burde spørje om.

Vi overrekte undersøkinga til statsministeren og barne- og familieministeren, og fekk god medieomtale ved lanseringa. Den er også hyppig vist til i etterkant, særleg barn si klare melding til foreldre om å redusere skjermbruken når dei er saman med barn. Vi bruker også resultatata frå undersøkinga i det politiske arbeidet, som i innspel til utvalet som jobba med framtida til skulen.

### 3.1.3 Bidra til at offentleg sektor varetar omsynet til kva som er best for barnet

E-læringsprogrammet om barnets beste-vurderingar, som vi lanserte i 2024, er framleis eitt av våre viktigaste verktøy for å styrke kunnskapen om dette temaet på lokalt og nasjonalt nivå. Mange kommunar har tatt det i bruke, og statsforvaltarane



har med kurset som ein del av den faste opplæringa av nyttilsette.

I 2025 gjennomførte vi ei kampanje for å spreie e-læringsprogrammet vidare.

## 3.2 Kommunikasjonsarbeid

Vi har innpassa kommunikasjonsarbeidet vårt godt i verksemda, og strategisk synlegheit er vektlagt i strategien til Barneombodet. Strategien er forankra i den statlege kommunikasjonspolitikken. Å vere ein synleg aktør i samfunnsdebatten er viktig for å få resultat, og vi arbeider aktivt med dette.

### 3.2.1 Medieomtale

I 2025 var Barneombodet nemnt i litt over ca. 1200 saker i pressa. Fagområda der vi var mest omtalt, handla om trygg digital kvardag, skule, vald og barnevern. Barneombodet hadde 18 kronikkar og debattinnlegg om ulike tema på trykk i aviser.

Tal på mediesaker				
2021	2022	2023	2024	2025
1 581	1 267	1 252	1 100	1 200

### 3.2.2 Nyheitsbrev

Barneombodet sende i 2025 ut 25 nyheitsbrev. Talet på mottakarar av nyheitsbrevet har gått frå 4771 til 4816 personar det siste året. Vi ser at talet på mottakarar av nyheitsbrevet aukar jamt. Omtrent halvparten av mottakarane opnar nyheitsbrevet, og det er etter vårt syn eit treffsikkert tiltak.

### 3.2.3 Sosiale medium

Barneombodet har (per 18.02.2026) 32 800 følgjarar på Facebook, 5 642 på Instagram, og 6 986 følgjarar på LinkedIn. Talet på følgjarar på Facebook går noko ned, som er ei generell utvikling, medan vi har ein stor auke på LinkedIn. Barneombodet har i 2025 i hovudsak satsa på Facebook og LinkedIn som eksterne digitale kommunikasjonskanalar.

### 3.2.4 Nettsider

I 2025 hadde barneombudet.no 302 594 sidevisningar og 148 340 unike brukarar på nettsida. I 2025 hadde vi om lag 184 700 visningar direkte til våre sider, og 87 100 visningar frå organiske søk (til dømes Google). Andre brukarar kjem til nettsidene våre via Facebook, LinkedIn eller andre referansesider.

Sidene om rettane til barn og unge («Rettane dine») er framleis dei mest lesne på nettsidene våre. Temasidene om kriminalitet og straff, skule, pengar og jobb, sosiale medium og fritid er dei mest populære. I tillegg er sida om FNs barnekonvensjon mykje besøkt.

I 2025 oppgraderte vi element på nettsida for å gjere den endå meir brukarvennleg. I dette arbeidet utvikla vi ein nedtrekksmeny i hovudmenyen, ein funksjon vi ikkje hadde tidlegare. Nedtrekksmenyen gjer det enklare og meir oversiktleg for brukarane å finne fram til ulike undersider og temasider på barneombudet.no.

Hovudsida for e-læringskurset på nett fekk nesten 14 200 visningar i 2025. Det er ein liten nedgang frå året før. Likevel ser vi ein liten auke i talet på personar som har lasta ned diplom for fullført kurs, samanlikna med 2024. Det indikerer at me har treft fleire relevante fagpersonar.

	Talet på gonger sidene har blitt vist	Talet på gonger diplom er lasta ned (unike brukarar)
<b>Kurs 1: Barnets beste på individnivå</b>	6030	525
<b>Kurs 2: Barnets beste på systemnivå</b>	2045	277
<b>Kurs 3: Barns rett til å bli hørt på individ nivå</b>	1300	232
<b>Kurs 4: Barns rett til å bli hørt på systemnivå</b>	835	191



### 3.3 Arrangement

Lanseringa av Barnebarometeret skjedde på eit frukostseminar på Kulturhuset i Oslo 10. juni 2025, der barne- og familieminister Lene Våagslid tok imot undersøkinga og deltok på arrangementet. Vi hadde over 330 påmelde til arrangementet. Det var fullsett sal på Kulturhuset, og mange deltok digitalt via strøyming.

Som ei oppfølging av prosessen i FNs barnekomité, inviterte vi også til eit frukostseminar om statusen for barnerettane i Noreg 20. august 2025. Her deltok blant anna representantar for

Barne- og familiedepartementet og Barneutvalet, fasilitert av Press - Redd Barna ungdom. Dette arrangementet hadde over 560 påmelde totalt til Kulturhuset eller strøyming.

Årets Lucy Smith-seminar hadde fokus på bruk av fysisk inngrep og makt, og innleiarane drøfta utfordringane rundt dette knytt til fleire område, frå skule til barnevern. Lucy Smiths barnerechtigheitsdag er eit fast samarbeid mellom Universitetet i Oslo og Barneombodet, og blir arrangert i Gamle Festsal på UiO.

## 4. Styring og kontroll i verksemda

Barneombod Mina Gerhardsen er den øvste leiaren av Barneombodet, og har ansvaret for at verksemda blir driven forsvarleg og effektivt. Arbeidet til Barneombodet er regulert i lov om barneombod og i instruksen for Barneombodet. I tillegg gjeld tildelingsbrev fra Barne- og familiedepartementet og instruksen for økonomi- og verksemdsstyring. Vi har laga ei rekkje rutinar for verksemda og arbeidet som blir utført.

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi bruker mellom anna metodane til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for styring og kontroll.

I tildelingsbrevet frå Barne- og familiedepartementet er det sett opp ulike administrative forhold og saker som vi skal rapportere om for 2025. Desse rapporteringskrava er tekne til følgje og blir omtalte nedanfor.

### 4.1 Fellesføringar frå regjeringa

#### 4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Barneombodet arbeider for at barn og unge får varetatt sine rettar etter FNs barnekonvensjon. Betre regeletterleving vil etter vår vurdering bidra til at Norge også i større grad oppfyller FNs berekraftsmål. Dette gjeld mellom anna å sikre god helse, redusere fattigdom, sikre god utdanning og mindre ulikheit.

Barneombodet er opptatt av å gjere klimavennlege val. Møteromma våre er godt utstyrte med nødvendig videoutstyr, slik at det er mogleg å ha møte utan å

reise. Barneombodet oppfordrar medarbeidarane til å velje det mest miljøvennlege alternativet når dei reiser, mellom anna å ta tog i staden for fly der det er føremålstenleg.

I tillegg held Barneombodet fram med å digitalisere verksemda, mellom anna ved å publisere rapportar i hovudsak i digital form, og sende mest mogleg brev per e-post og digital post for å redusere papirbruken.

#### 4.1.2 Utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

Vi lyste ut to stillingar i 2025, ei fagsjefstilling og ei seniorrådgivarstilling. Til begge stillingane understreka vi ønsket om mangfald, men vi fekk ikkje søknader frå søkjarar med funksjonsnedsetjing.

#### 4.1.3 Redusere konsulentbruken

Barneombodet bruker interne ressursar og kompetanse i det daglege arbeidet. I den grad vi brukar konsulenttenester, er det i kortvarige prosjekt for å løyse oppgåver vi ikkje har kompetanse på sjølve.

I 2025 har vi til dømes brukt ca 430 000 kroner på konsulenttenester til spørjeundersøkingar for å skaffe oss meir kunnskap til bruk i satsingsområda våre. Dette var «Barnebarometeret», ei undersøking om helsestasjonane i samarbeid med NSF Helsepsykepleierne og ei undersøking om kommunale gevinstar av forebyggjande tiltak. I tillegg har vi brukt 96 000 på konsulenttenester i samband med rekruttering av ny fagsjef.

Vi har ikkje kjøpt konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen i 2024.

## 4.2 Tillitsreforma til regjeringa

Det overordna målet med tillitsreforma er at innbyggjarane skal få offentlege tenester med betre kvalitet og til rett tid. Barneombodet er i hovudsak eit overvakingsorgan, og ikkje ein tenesteytar, og har ikkje egne tiltak etter reforma.

## 4.3. Digitalisering, digital sikkerheit, samfunnssikkerheit og beredskap

### 4.3.1 Digitalisering

Barneombodet held fram med å etterleve krava og føringane for digitalisering i offentlig sektor. Vi har ikkje hatt nokon nye digitaliseringsprosjekt i 2025, utover å ta i bruk KI, med lisens for Copilot til alle tilsette som ønska å få dette.

### 4.3.2 «Orden i eige hus»

Barneombodet har god oversikt over deling og gjenbruk av egne data. Vi deler ikkje data med andre, men bruker egne data internt.

Vi behandlar i hovudsak data i lukka system som Public 360 og DFØ-systema, og på serverar som er lagra hos Intility. Vi har ei fullstendig oversikt over desse systema som ein del av styringssystemet for informasjonstryggleik.

### 4.3.3 Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap

Med hjelp av styringssystemet for informasjonstryggleik held Barneombodet fram arbeidet med å følgje opp den nasjonale strategien for digital tryggleik og NSMs grunnprinsipp for IKT-tryggleik.

Barneombodet går gjennom og oppdaterer ROS-analysane sine årleg. Den største risikoen for Barneombodet er at personopplysningar, og då spesielt sensitive personopplysningar om barn og

unge, skal komme på avvege. Dette ville vere ille både for den enkelte og for Barneombodet sitt omdømme. Vi har derfor ekstra medvit om dette i rutinane for lagring og behandling av personopplysningar.

Beredskapsplanen til Barneombodet består av ein generell del med mål og definisjonar, risikovurderingar, årlege aktivitetar, organisering av arbeidet, rutinar i beredskapsarbeidet og evaluering og læring. I tillegg har vi tiltaksskort for ulike hendingar, for eksempel brann, personskade, pandemi og omdømmekriser.

Vi har ikkje gjennomført nokon øvingar i 2025.

Vi deltar elles i nettverk og møter og held oss oppdaterte på området. I verksemdsplanen er beredskap sett opp som fast tema når det gjeld styring av verksemda, og er noko vi skal ha jamleg merksemd på framover.

## 4.4 Effektiviseringsfremjande tiltak

Barneombodet har tatt i bruk KI, og vi vil sjå nærare på kva vi kan bruke det til framover. Vi jobbar med å lage egne retningslinjer for dette.

I tillegg held vi fram arbeidet med effektivisering gjennom kompetanseheving og omfordeling av oppgåver internt.

## 4.5 Registrering av statstilsette sine verv og økonomiske interesser

Barneombodet har gått gjennom retningslinjene for registrering av statstilsette sine verv og økonomiske interesser. Vi har vurdert det slik at det ikkje er behov for å etablere ei slik

registreringsordning hos oss. Vi har verken kontroll- eller tilsynsoppgåver, eller oppgåver som inneber fordeling av godar mellom eller til private jf. punkt 3 c og e i retningslinjene.

#### **4.6 Oppfylging av språklova § 13 og § 14**

Barneombodet jobbar aktivt med å fremje nynorsk i kommunikasjonskanalane våre. For å sikre at dette blir gjort på ein god måte, har vi utarbeidd ei tiltaksliste som fordeler ansvaret mellom leiargruppa og kommunikasjonsavdelinga. I tillegg følgjer vi jamleg med på kor stor del av kommunikasjonen vår som er på nynorsk, og dette blir jamleg tatt opp i fellesmøte med alle tilsette.

I 2025 publiserte Barneombodet 160 innlegg til saman på sosiale medium. Av desse postane var 40 på nynorsk. Dette gir eit gjennomsnitt på 25 prosent nynorsk i dei sosiale media våre. På nettsida har vi publisert totalt 36 nyheitssaker. Av desse var 5 saker skrivne og publiserte på nynorsk, noko som utgjer 14 prosent av årets totale publiseringar. Vi jobbar òg aktivt med å rydde opp i og forbetre fordelinga mellom bokmål og nynorsk på nettsidene våre. Vi forsøker dessutan å veksle mellom bokmål og nynorsk i høyringssvara og innspela våre til bl.a. myndigheitene, og ligg på 3 prosent nynorsk her.

#### **4.7 Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen**

Barneombodet har ikkje hatt merknader frå Riksrevisjonen.

### **5. Vurdering av framtidsutsikter**

2025 var det første verknadsåret for den nye strategien, der vi ønskjer å jobbe meir med tidleg innsats og førebygging. Den første delen av året brukte vi derfor til å fyller strategien med konkret innhald, gjennom kunnskapsinnhenting og dialog med nettverket vårt. Dei første leveransane frå dette arbeidet begynte å bli klare hausten 2025. Desse vil vere med å leggje grunnlag for det vidare arbeidet i 2026. Årsplanen for dette året var klar før jul, og peikar ut særleg tre område som satsingar for 2026: Vald mot dei yngste barna, trygg digital oppvekst og kommunane sitt ansvar for gjere barnets beste-vurderingar.

Det har vore noko utskifting blant medarbeidarane i 2025, og permisjonar knytt til svangerskap og fødsel. Fagsjef Ivar Stokkereit slutta i stillinga i desember 2025. Ny fagsjef, Thomas Axelsen, vart tilsett, og var på plass frå 2. februar 2026. Vi forventar å ha full stab på plass igjen frå hausten 2026.

## 6. Årsrekneskap

### 6.1 Stadfesting

Barneombodet er frå 01.01.2025 ei brutto-budsjettert verksemd som fører og rapporterer verksemdsrekneskapen i tråd med ei statlege rekneskapsstandardane (SRS), i tillegg til ordinær rapportering etter kontantprinsippet.

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Dette inneber at tabellane «Oppstilling bevilgningsrapportering 31.12.2025», «Note A» Forklaring av samlet tildeling og utgifter», «Note B, Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år» samt «Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2025» er utarbeidd med grunnlag i kontantrekneskapen/statsrekneskapen. SRS er lagt til grunn for resultatrekneskapen, balansen og notane 1-8.

Årsrekneskapen er gitt i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krava frå Barne- og familiedepartementet i instruksen om økonomistyring og i tildelingsbrevet.

Eg bekreftar at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane i verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Rekneskapen blir revidert av Riksrevisjonen.

### 6.2 Kommenterar til årsrekneskapen

Barneombodet fekk i 2025 ei samla tildeling på kapittel 0848 på 27 066 000 kroner. Vi viser til løyvingrapporteringa og notane A og B.

Mindreutgifta på post 01 Driftsutgifter var på 2 218 183 kroner. Dette skuldast i hovudsak ubrukte refusjonar av sjukepengar og foreldrepengar og mindre bokført pensjon enn prognosane vi fekk frå SPK. I tillegg har vi hatt medarbeidarar med reduserte stillingar i 2025. Vi har også hatt eit mindreforbruk på reiser, møter og kurs for egne tilsette. Vi har søkt om å få overført maksimalt overførbart beløp, 1 281 300 kroner til 2026, og viser til utrekningane i note B.

Barneombodet fekk ingen belastningsfullmakter for 2025.

Artskontorrapporteringa viser at dei samla netto rapporterte driftsutgiftene var på til saman 24 385 366 kroner i 2025.

Tilsvarande tal for 2024 var 24 375 099 kroner.

Utgifter til lønn og sosiale kostnader utgjorde 18 234 903 kroner i 2025, mot 18 722 327 kroner i 2024. Lønnsdelen av dei rekneskapsførte utbetalingane utgjør 74,8 prosent i 2025, mot 76,8prosent i 2024.


Talet på utførte årsverk er 16 årsverk i 2025, mot 17 i 2024. Dette skuldast i hovudsak sjukemeldingar og foreldrepermisjonar.

Dei bokførte kostnadene til investeringar var på 463 451 kroner i 2025, mot 83 048 kroner i 2024. Investeringane består i nye PC-ar og teknisk utstyr til eitt av møteromma våre. Mellomverande med statskassa var på 1 380 455 kroner.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Barneombodet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato og kjem i løpet av 2. kvartal 2026.

Årsrekneskapen blir publisert på nettsidene til Barneombodet så snart den er offentlig.

Oslo, 15. mars 2026



Mina Gerhardsen  
barneombod



